

FORVALTNINGSREVISJON

ÅLESUND KOMMUNE

Sjølvkost innan teknisk sektor

Endeleg rapport

OKTOBER 2021

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Møre og Romsdal Revisjon SA er eit samvirkeføretak eigd av kommunane Aure, Averøy, Kristiansund, Rindal, Smøla, Surnadal, Tingvoll, Aukra, Hustadvika, Gjemnes, Molde, Rauma, Sunndal, Vestnes, Fjord, Giske, Sula, Stranda, Sykkylven og Ålesund samt Møre og Romsdal fylkeskommune. Selskapet utfører rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og andre revisjonstenester for eigarane. Hovudkontoret ligg i Kristiansund og det er avdelingskontor i Ålesund, Molde og Surnadal.

Tidlegare rapporter frå Møre og Romsdal Revisjon SA ligg på vår heimeside:

www.mrrevision.no

FORORD

Møre og Romsdal Revisjon SA har utført denne forvaltningsrevisjonen etter vedteken bestilling frå kontrollutvalet i Ålesund kommune.

Forvaltningsrevisjonen er gjennomført i samsvar med god revisjonsskikk og Norges Kommunerevisorforbund sin standard for forvaltningsrevisjon RSK 001.

Rapporten summerer opp resultata frå Møre og Romsdal Revisjons SA si undersøking om sjølvkost i Ålesund kommune. Revisjonen er utført av Kurt Løvoll, Ingvild Bye Fugelsøy og Svein Ove Otterlei i perioden februar til august i 2021.

Rapporten er sendt på høyring i tråd med praksis 24. september 2021.

Vi tok imot eit høyringssvar 5. oktober 2021.

Av høyringssvaret går det fram innleiingsvis at rapporten er bra satt opp, og at:

Forhold er godt beskrevet og dokumentert slik at det er lettere å få en forståelse av kompleksiteten.

Vidare går det fram at kommunen deler vår bekymring om kor vidt ein har god nok internkontroll og har gode nok dokumentasjonskrav. Vidare blir vurdert som aktuelt å tilsette eigen kontrollar i avdelinga med eit særleg fokus på sjølvkost. Men at:

Det planlegges i første omgang med en del prosjektøkonomstillinger for å sikre god styring på de største investeringsprosjektene.

Det er fremdeles en lang vei å gå med tanke på hvordan vi forbedrer prosjektplanlegging og gjennomføring ref tidligere revisjonsrapport.

Til slutt står det at ein må finne ein måte, og ressursar, til å ta tak i det som har blitt avdekkta.

Det var også kommentarar til nokre mindre feil, som vi har retta.

Vi ønsker å takke alle som har gitt bidrag til denne forvaltningsrevisjonen.

Ålesund, 06.10.2021

Kurt Løvoll
Oppdragsansvarleg revisor

Ingvild Bye Fugelsøy
Forvaltningsrevisor

Svein Ove Otterlei
Forvaltningsrevisor

SAMANDRAG

Denne rapporten dokumenterer vår gjennomgang av sjølvkost i Ålesund kommune.

PROBLEMSTILLINGAR

Prosjektet har følgjande problemstillingar:

1. Har Ålesund kommune rutinar som sikrar god handtering av sjølvkostområda?
 - 1.1 Sjølvkostkalkyler (for og etterkalkyler)
 - 1.2 Skriftlege rutinar, dokumentasjon, intern kvalitetssikring
2. Er sjølvkostgebyra i samsvar med regelverket?
 - 2.1 Gebyrgrunnlaget og gebyrinntekter
 - 2.2 Kryssubsidiering
3. Blir over/underskot og fond innanfor sjølvkost handtert i samsvar med regelverket?
 - 3.1 Sjølvkostfond og underskotsdekning

METODE

Faktagrunnlaget er i all hovudsak basert på samtalar og innhenta dokumentasjon, men det er også gjennomført samtaler i form av e-postvekslingar. Sjølvkostdokumentasjonen er henta inn direkte frå eit flatfilområde der kommunen legg all dokumentasjon vedkomande årsoppgjeret. Vi har også gjort ein gjennomgang av Compilo.

Prosjektet har hatt med revisorar som er godt kjend med Ålesund kommune og systema som kommunen blir styrt etter. Vi har gått gjennom desse systema med dokumentasjon, og supplert med samtalane, er det vår vurdering av dette har gitt eit tilstrekkeleg grunnlag for å gi svar på problemstillingane.

KONKLUSJON OG ANBEFALINGER

Ålesund kommune har lagt eit godt grunnlag for ein god internkontroll med dokumentet *Heilskapleg styring, leiing og internkontroll i Ålesund kommune*. Det er delvis bygd rundt anerkjente rammeverk som COSO og ISO 9001. Denne forankringa i slike anerkjende rammeverk vurderer vi som positivt.

Vår vurdering er at det overordna rammeverket for ein god intern kontroll er i ferd med å pusle seg på plass, og er slik det nå ligg føre konsistent og heilsapeleg.

Når det gjeld internkontroll særskild retta mot sjølvkostområdet, er det vår vurdering at det har kome på plass ein god del positive element. Likevel vurderer vi den per i dag som ikkje fullt ut tilfredsstillande, og kommunen bør etter vårt syn ta ei ekstra runde på dette.

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Vi har gjennomgått sjølvkostrekneskapen innan vann, avløp og renovasjon, samt plan og bygg. Handteringen er så langt vi kan sjå det basert på den praksis som er vanleg. Dette har til ein viss grad samanheng med at både nye Ålesund kommune, og dei eldre kommunane har nytta hjelpe og metodikk frå Envidan AS til å sette opp desse sjølvkostrekneskapa.

Vi vil likevel rá kommunen til å gjere ein ny gjennomgang av dei indirekte kostnadane. I ny rettleiar for utrekning av sjølvkost for byggesaker, ser en at ein det blir sett opp ei tabell om kva som er anbefalt fordelingsnøkkelen. Dette kan ein også tolke slik at ein må grunngje det om ein avvik frå dette.

Kommunestyret har no nyleg vedteke ein intensjonsavtale om å slå saman ÅRIM IKS og Bingsa Gjenvinning AS. Avtalen med Tafjord Kraftvarme AS går ut i 2022. Vi har difor grunn til å tru at dei utfordringane som har vore i høve til risiko for kryss-subsidiering no vil bli løyst.

Handteringen av overskott og underskott til fond er automatisert i reknearkmodellen. Modellen handterer også utrekning av renter automatisk som ein skal legge til fonda. Deretter står det att å oppdatere årsrekneskapen med korrekt saldo på fonda som er ført opp i balansen til kommunen.

Ei særleg problemstilling er knytt til etterdriftsfond for deponi. Ålesund kommune har her gjort eit arbeid for å bringe dette i orden. Vårt syn er at kommunen skal gjennomføre ei pliktig avsetting til desse fonda. I 2020 var det gjort ei avsetting berre på det overskytande frå sjølvkostrekneskapen.

INNHOLD

1.	INNLEIING.....	1
1.1	Bakgrunn og bestilling	1
1.2	Problemstillingar	1
1.3	Revisjonskriterier.....	1
1.4	Metode og gjennomføring	2
1.5	Avgrensning.....	2
1.6	Om sjølvkost.....	3
1.7	Om organisering	4
2.	INTERNKONTROLL.....	5
2.1	Revisjonskriterier.....	5
2.2	Faktagrunnlag.....	5
2.3	Vurderingar	13
3.	SJØLVKOSTGEBYRA	15
3.1	Revisjonskriterier.....	15
3.2	Faktagrunnlag.....	16
3.3	Vurderingar	32
4.	OVER/UNDERSKOTT OG FOND	34
4.1	Revisjonskriterier.....	34
4.2	Faktagrunnlag.....	37
4.3	Vurderinger	43
5.	KONKLUSJON OG ANBEFALINGER	44

1. INNLEIING

1.1 BAKGRUNN OG BESTILLING

Ålesund kontrollutval vedtok i sitt møte 9.desember 2020 å bestille ein prosjektplan for ein forvaltningsrevisjon innanfor temaet sjølvkost innan teknisk sektor. Kontrollutvalet vedtok i møte 28. januar 2021 å bestille ein forvaltningsrevisjon i tråd med framlagt prosjektplan.

1.2 PROBLEMSTILLINGAR

Prosjektet har følgjande problemstillingar:

1. Har Ålesund kommune rutinar som sikrar god handtering av sjølvkostområda?
 - 1.1 Sjølvkostkalkyler (for og etterkalkyler)
 - 1.2 Skriftlege rutinar, dokumentasjon, intern kvalitetssikring
2. Er sjølvkostgebyra i samsvar med regelverket?
 - 2.1 Gebyrgrunnlaget og gebyrinntekter
 - 2.2 Kryssubsidiering
3. Blir over/underskot og fond innanfor sjølvkost handtert i samsvar med regelverket?
 - 3.1 Sjølvkostfond og underskotsdekning

1.3 REVISJONSKRITERIER

Revisjonskriterier er krav eller forventningar som vi nytter for å vurdere funn i undersøkinga. Revisjonskriterier skal være grunngjeve i, eller utleidd av, autoritative kjelder innanfor det reviderte området, til dømes lovverk og politiske vedtak.

Viktige kjelder for denne rapporten er kommunelova § 25-1 om internkontroll og § 15-1 om *Beregning av selvkost*, samt *Forskrift om beregning av samlet selvkost for kommunale og fylkeskommunale gebyrer (selvkostforskriften)* med merknader i form av ein *Veileder til sjølvkostforskrifta*.

1.4 METODE OG GJENNOMFØRING

Prosjektet har blitt gjennomført i samsvar med følgande framdriftsplan:

- Bestilling prosjektplan
- Prosjektplan til KU-sekretariat
- Handsaming av prosjektplan i kontrollutvalet
- Oppstartbrev til kommunedirektør
- Oppstartmøte med kommunedirektør
- Intervju, gjennomgang datamateriale
- Arbeid med rapport
- Statusrapportering til Kontrollutvalet
- Høyringsperiode
- Oversending av rapport til kontrollutvalet ved sekretariatet

Faktagrunnlaget er i all hovudsak basert på samtalar og innhenta dokumenter.

Når det gjeld samtaler så har dei dels vore på Teams med sentral personar i Ålesund kommune og Envidan AS, men det er også gjennomført samtaler i form av e-postvekslingar.

Når det gjeld dokumenter så er dei dels henta inn ved førespurnadar og dels frå kommunen si heimeside. Sjølvkostdokumentasjonen er henta inn direkte frå eit flatfilområde der kommunen legg all dokumentasjon vedkomande årsoppgjeret.

Vi har også gjort ein gjennomgang av Compilo. Dette for å få eit generelt inntrykk av kva for dokument som vanlegvis ligg der.

Prosjektet har hatt med revisorar som er godt kjend med Ålesund kommune og systema som kommunen blir styrt etter. Vi har gått gjennom desse systema med dokumentasjon, og supplert med samtalane, er det vår vurdering av dette har gitt eit tilstrekkeleg grunnlag for å gi svar på problemstillingane.

1.5 AVGRENNSNING

Formålet med prosjektet er å kontrollere sjølvkost innan teknisk sektor som omhandlar kommunalområde *Miljø, by- og stadutvikling* som består av tre verksemder:

- Vatn og avløp
- Veg, grønt og anlegg
- Plan, byggesak, og geodata

Med unntak av veg og grønt, der det ikkje førekjem direkte tenester med eigenbetaling, er regelverket for sjølvkost gjeldande.

I tillegg til desse to verksemndene er dei tekniske tenestene innan feiing lagt i det kommunale føretaket Ålesund brannvesen KF, mens renovasjon er lagt til Ålesundsregionens Interkommunale Miljøselskap (ÅRIM).

Bestillinga frå kontrollutvalet omfattar sjølvkost innanfor dei tekniske tenestene. Dei tekniske tenestene omfattar vann, avløp, renovasjon, feiing og byggesak. Munnleg vart det i kontrollutvalet avgrensa til vann, avløp, renovasjon og byggesak.

1.6 OM SJØLVKOST

Innafor dei områda der sjølvkost er satt som den rettslege ramma for brukarbetaling, må kommunen utarbeide ei sjølvkostkalkyle (før- og etterkalkyle) av kostnadane innanfor dei aktuelle tenesteområda. Dette må gjerast for å kontrollere at gebyrinntekta ikkje overstig kommunens sjølvkost.

Dei rettslege rammene for brukarbetaling i kommunar inkluderer reglar om avgifter, gebyr og eigenbetaling for konkrete kommunale tenester. Utgangspunktet er at ingen borgar kan påleggjast å yte noko i fellesskapet utan at dette er heimla i lov (legalitetsprinsippet). Moglegheita til å krevje brukarbetaling er heimla i dei ulike særlovane med forskrifter knytt til dei respektive tenestene. I mange tilfelle vil kommunen være forvaltar av varer eller tenester som borgarane er forplikta til å nytte. I slike tilfelle krevjast lovheimel for å krevje betaling frå brukarane.

Viktige kommunale tenester der sjølvkost set den øvre ramma for brukarbetaling:

- Renovasjon
- Vatn og avløp
- Plan- og byggjesaksbehandling
- Kart- og delingsforretning
- Feietenestene
- SFO og barnehage

I tillegg kjem ulike teneste med brukarbetaling innan pleie og omsorg

1.7 OM ORGANISERING

Tenesteområdet Miljø, by- og stadutvikling har Ole Andreas Søvik som kommunalsjef, og Per Langnes er assisterande kommunalsjef. Verksemdsleiar for vann og avløp er Arve Olav Bang. Dei ulike avdelingane under vann og avløp har ulike avdelingsleiarar. Verksemdsleiar for plan, byggesak og geodata er Edvard Devold. Avdeling for byggesak har eigen avdelingsleiar.

Kommunen sin renovasjonsteneste er lagt til Ålesundsregionens Interkommunale Miljøselskap (ÅRIM). Då det er Ålesund kommune som fattar vedtak på renovasjonsgebyra og ikkje ÅRIM IKS, er kommunen i større grad ansvarleg for at tenestene som blir levert følger dei krav som gjeld for tenesta.

2. INTERNKONTROLL

Har Ålesund kommune rutinar som sikrar god handtering av sjølvkostområda?

- Sjølvkostkalkyler (for og etterkalkyler)
- Skriftlege rutinar, dokumentasjon, intern kvalitetssikring

2.1 REVISJONSKRITERIER

Kommunelova § 25-1 1. ledd angir at Ålesund kommune skal ha ein internkontroll og at ansvaret for den er lagt til kommunedirektøren. Det inneber at kommunedirektøren må ha nedfelt eit sett med gode prinsipp som gjer at kommunestyret kan forvente at viktige mål blir nådd. Vidare gir paragrafen nokre føringar for innrettinga på den. Det står:

Internkontrollen skal være systematisk og tilpasses virksomhetens størrelse, egenart, aktiviteter og risikoforhold.

Ved internkontroll etter denne paragrafen skal kommunedirektøren:

- a) utarbeide en beskrivelse av virksomhetens hovedoppgaver, mål og organisering
- b) ha nødvendige rutiner og prosedyrer
- c) avdekke og følge opp avvik og risiko for avvik
- d) dokumentere internkontrollen i den formen og det omfanget som er nødvendig
- e) evaluere og ved behov forbedre skriftlige prosedyrer og andre tiltak for internkontroll.

Sjølvkostforskrifta § 9 angir at kommunen skal ha dokumentasjon på utrekninga av samla selvkost. Av merknadene til denne paragrafen går det mellom anna fram at:

Dersom et selskap yter selvkosttjenesten på vegne av kommunen og håndterer selvkostkalkylen, hviler dokumentasjonskravet på selskapet.

2.2 FAKTAGRUNNLAG

OVERORDNA INTERNKONTROLL

Kommunedirektøren har utarbeidd eit dokument datert 9. april 2021 med tittel: ***Heilskapleg styring, leiing og internkontroll i Ålesund kommune***. Innleiingsvis går det fram at:

Dette dokumentet skal gi ei samla oversikt over Ålesund kommune sitt samla system for heilskapleg styring, leiing og internkontroll. Systemet skal bidra til å sikre at

Ålesund kommune har forsvarleg styring og kontroll i alle delar av organisasjonen, i samsvar med gjeldande lovverk og føringer.

I forordet står det:

God styring, leiing og internkontroll er ein føresetnad for at Ålesund kommune kan ivareta rolla si som tenesteytar, samfunnsutviklar og som demokratisk arena.

I kontrollutvalsmøte 26. mai 2021 vart det gitt ei orientering der seksjonsleiar for heilskapleg styring orienterte om dette dokumentet. Status for dokumentet er at det har vore på ei intern høring til ulike leiatarar. Det er ikkje gjort revideringar sidan. Det er ikkje tatt stilling til om kommunestyret vil bli gitt ei orientering.

Det går fram at Ålesund kommune skal nytte det digitale styringssystemet **FramSikt** for å realisere det heilskaplege plan- og styringssystemet. For oppfølging av resultat administrativt skal kommunedirektøren utarbeide årlege oppdragsbrev og leiaravtaler til verksemndene.

Oppdragsbrevet er ein del av kommunen sitt heilskapleg styringssystem, som skal vise overordna føringer. Det skal tildele verksemndene mål og oppdrag knytt til kommunalområda og verksemndene.

Leiaravtalen skal avklare kva for gjensidige krav og forventningar som skal gjelde mellom dei ulike leiarnivåa. Leiaravtalen forpliktar på gjennomføring av mål, tiltak og andre oppdrag innan dei rammer og fullmakter som er gitt.

Alle verksemder skal kvart år i tillegg ha ein **Verksemndplan**.

Vi gjorde ein førespurnad 22. juni 2021 om å få oversendt oppdragsbrev, leiaravtalar og verksemndplan for Vatn og avløp, og Plan, byggesak og geodata. Vi tok i mot svar 28. juni 2021, der det vart sendt over *Verksemndplan 2021 for Plan, byggesak og geodata*, og *Verksemndplan 2021 for Vatn og avløp*. I desse verksemndplanane låg det ei oppdragsbrev frå kommunedirektøren, samt eit oppdragsbrev frå kommunalsjefen. Det låg også ein leiaravtale.

Rapportering og resultatrapportring av oppdrag og oppgåver er eit sentralt verktøy for styring. I tillegg skal ein rapportere på vesentlege avvik.

Delegasjonsreglementet legg grunnlaget for verksemndstyring og delegasjon på organisasjons- og fullmaktsnivå og fire leiarnivå. Styringsnivå 1 er kommunedirektørnivå og styringsnivå 2 er verksemdleiarar og avdelingsleiarar i kommunalområda.

Kommunalsjef har kommunedirektøren sine fullmakter innan sine tenesteområde.

Verksemdleiar har økonomi-, personal- og fagansvar innanfor eigen verksemd, men dette kan verksemdleiar i følgje kommunedirektøren delegera vidare til avdelingsleiarar.

Verksemda skal avklare mål, rollar og forventningar. Leiar skal også planlegge og organisere arbeidet, samt følgje opp og kvalitetssikre arbeidet.

I dokumentet *Heilskapleg styring, leiing og internkontroll i Ålesund kommune* blir det vist til **COSO** som ein etablert norm for internkontroll. Ein viktig del av ein god internkontroll er eit tenleg kvalitetssystem og her blir det vist til **ISO 9001**.

Dokumentet angir at ein god internkontroll skal byggje på tre prinsipp:

- *Eit risikobasert grunnlag for internkontroll, tiltak og kontrollaktivitetar både på strategisk og operativt nivå*
- *Den skal være formalisert (organisering, ansvar og roller, dokumentasjon, rutinar og prosedyrar, rapportering og aggregering)*
- *Kontrollaktivitetar (dagleg og fagleg verksemd, stikkprøver og faste kontroller, avvikshandtering)*

Vidare går det fram at: *Standarden ISO 9001 beskriv rammer for korleis ein kan utvikle eit leiingssystem for kvalitet. Og at: ISO 9001 er eit verkemiddel for å få internkontrollen satt i system.* Vidare står det:

Eit kvalitetssystem i tråd med denne standarden byggjer på beskrivingar av prosessane i kommunen.

Vidare at:

I standarden er det krav til seks dokumenterte prosedyrar: Dokumentstyring, registreringar, styring av avvik, korrigerande tiltak, forebyggande tiltak og intern revisjon.

Det går også fram at:

Compilo er kommunen sitt digitale verktøy for kontroll av registreringar og dokumentasjon knytt til kvalitetsarbeidet, til dømes avvik, forbettingsforslag, prosedyrar og risikovurderingar.

Ålesund kommune nytta **Compilo** som sitt digitale verktøy for kvalitetsarbeidet også før kommunesamslåinga. Dette systemet er tilpassa offentleg sektor og bygd opp etter COSO-rammeverket og skal i følgje leverandøren vere tilpassa krav om internkontroll i kommunelova. Det skal også vere eit godt utgangspunkt for styrking av kommunen sitt internkontrollarbeid.

Compilo er eit tredelt digitalt system, som inneholder:

- Dokumentdel (lover og regler, prosedyrar og liknande dokumenterast),
- Avviksdel (tilsette kan melde avvik, avvik vert følgt opp og bruk i forbednings -arbeid),
- Risikodel (einingane sine risikokartleggingar).

Compilo skal i følgje kommunedirektøren nyttast til avviks- og forbetningsarbeid, skriftlege rutinar/prosedyrar og risikovurdering. Dette er i tråd med COSO rammeverket og dei revisjonskriteria vi har utleia.

I **Årsmelding for 2020** går det fram at:

Kommunen har gjennom heile 2020 jobba med å utvikle eit system for heilskapleg styring, leiing og internkontroll. Systemet skal sikre at kommunen har forsvarleg styring og kontroll i alle delar av organisasjonen, i samsvar med gjeldande lovverk og føringar. Rammeverket for systemet er på plass, og ein vil jobbe vidare med utvikling og implementering av styringssystemet i heile organisasjonen i 2021.

Kommunens internkontroll blir i dag varetatt av ulike system. Rutinar, prosedyrar, risikoanalysar og avviksmelding og -handtering blir varetatt gjennom IT-systemet Compilo. Systemet er under innføring i den nye kommunen, og vart teke i bruk 1. mai 2020.

Vidare at:

Vidare bruker kommunen sjekklistar i plan- og styringssystemet Framsikt for å kontrollere i kva grad krav i internkontrollen blir etterlevd i organisasjonen. Den grafiske framstillinga viser i kor stor grad verksemndene har bekrefta at dei har etterlevd eller gjennomført krav i internkontrollen. Det blir arbeidd godt med dei fleste punkta, men det er framleis rom for forbetring.

Måten vi bruker desse sjekklistene på er under revisjon, og vil bli noko endra til andre tertialrapportering i 2021.

Under *Miljø, by- og stadutvikling* står det:

Det har blitt arbeidd med å samordne ulike system og implementere nye system knytt til dei forskjellige arbeidsprosessane vi har i verksemndene. Vi har fortsett arbeidet frå før kommunesamanslåinga, med å lage felles rutinar og prosedyre for arbeidsprosessar i dei nye verksemndene. Då kommunen har tatt i bruk eit nytt kvalitetssystem (Compilo) er det eit stort arbeid å få registrert inn denne dokumentasjonen. Arbeidsprosessar som inneber fysisk risiko knytt til HMS, og rutinar knytt til å lovpålagde forvaltningsoppgåver, som ikkje er integrert i andre

saksbehandlingssystem, har vore prioritert område for dokumentasjon av rutiner i Compilo.

INTERNKONTROLL INNAN SJØLVKOST

Ålesund kommune har inngått ein rammeavtale om kjøp av konsulenttenester innanfor sjølvkost. Punkt 2.3 angir kva avtalen omfattar:

Tjenesten skal dekke kommunen sitt behov for å utarbeide selvkostregnskap innenfor vannforsyning, avløp, renovasjon, feiing, slam, byggesak, regulering, oppmåling og eierseksjonering. I tillegg konsulentbistand ellers innenfor området.

Leverandøren skal gi bistand i prosessar knytt til budsjettering for neste år, budsjettkontrollar med moglegheit for justering gjennom året og etterkalkyle rekneskap.

Det går fram av avtalen at leverandøren skal utarbeide og gjere tilgjengeleg for kommunen:

- *Flerårsbudsjett med oppsett av foregående år, inneværende år + ytterligere 10 år*
- *Tekst og tabeller som kan nyttas til kommunens noter til regnskapet*
- *Metode for beregning av fordelingsnøkler indirekte kostnader*
- *Anleggsregister som ivaretar beregninger til selvkostregnskapet*
- *Produksjon av KOSTRA-skjema*

Det er konkretisert ut følgjande ansvarshøve i møte med leverandør:

Vann og avløp: Virksomhetsleder, aktuelle avdelingsledere, koordinator for investeringsregnskap. Andre personer innkalles ved behov.

Feiing: Brannvesenet. Avdelingsleder forebyggende og seksjonsleder boligsikkerhet. Andre personer innkalles ved behov.

Plansaksbehandling, byggesak, oppmåling og eierseksjonering: Virksomhetsleder, aktuelle avdelingsledere. Andre personer innkalles ved behov.

Avfall og slam: Avdelingsleder for ledningsdata og myndighetsutøvelse.

Utøvelse av myndighet etter forurensningsregelverket: Avdelingsleder for ledningsdata og myndighetsutøvelse.

Ut over dette deltar rådgivere fra fagstab og person fra stab for økonomi og virksomhetsstyring i møtene.

Ein sentral del av denne tenesteleveransen er verktøyet *Momentum Selvkost Kommune*. Dette er eit omfattande rekneark som gir hjelp til å utrekninga av gebyra.

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Vi førespurde kommunen i e-post av 31. mai 2021 om ei skriftleg skisse om dei formelle og uformelle rutinar som skal sikre ei god handtering av sjølvkostrekneskapen. Det vart då sendt over følgjande årshjul for oppfølging av sjølvkostområda:

Måned	Beskrivelse	Oppgavefordeling	Politisk behandling
Januar	Gjennomgang av grunnlag for etterkalkyle	<p>Stab for økonomi og virksomhetsstyring: Tar nødvendige filuttrekk og sender til leverandør.</p> <p>Tjenesteleverandør: Kommer med forslag til møtedatoer og hva en skal gå gjennom på møtene. Oppdaterer regnskapsmodell og noterer eventuelle punkt som må følges opp.</p> <p>Fagstab: Kontaktpunkt mellomleverandør og kommunen og sørger for intern koordinering og planlegging av møtene i kommunen.</p> <p>Virksomheter (VA og PBG): Bidrar med informasjon knytt til regnskapstallene, herunder forklaring på eventuelle avvik i forhold til det budsjetterte.</p>	Ingen
Februar	Utarbeidelse av etterkalkyle og noter til regnskapet.	<p>Stab for økonomi og virksomhetsstyring: Tar justerte filuttrekk av regnskap og sender til leverandør.</p> <p>Tjenesteleverandør: Utarbeider endelig etterkalkyle og noter til regnskapet.</p>	Innarbeides og behandles sammen med regnskapet i mai/juni
Mars	Kontroll av fakturagrunnlag 1. termin.	Virksomhet for VA: Utarbeider grunnlag for fakturering av kommunale gebyr for 1. termin. I tillegg til egenkontroll blir rapport sendt fagstab og stab for økonomi og virksomhetsstyring for ekstra sjekk om aktuelle gebyrinntekter er som forventet i budsjettet. Avtale med Leverandør om evt. hjelp ved behov.	Ingen
Mai	Kontroll av fakturagrunnlag 2.termin	Virksomhet for VA: Utarbeider grunnlag for fakturering av kommunale gebyr for 2. termin.I tillegg til egenkontroll blir rapport sendt fagstab og stab for økonomi og virksomhetsstyring for ekstra sjekk om aktuelle gebyrinntekter er som forventet i budsjettet. Avtale med Leverandør om evt. hjelp ved behov.	Ingen
Juni (evt.mai)	Godkjenning av regnskap	Stab for økonomi og virksomhetsstyring: Saksutredelse knyttet til godkjenning av regnskap	Kommunestyret

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

August	Kontroll av fakturagrunnlag 3.termin	Virksomhet for VA: Utarbeider grunnlag for fakturering av kommunale gebyr for 3. termin. I tillegg til egenkontroll blir rapport sendt fagstab og stab for økonomi og virksomhetsstyring for ekstra sjekk om aktuelle gebyrinntekter er som forventet i budsjettet. Avtale med Leverandør om evt. hjelp ved behov.	Ingen
	Forkalkyle - Budsjettering nesteår. Utarbeidelse av budsjettnotat og forslag til gebyrregulativ.	<p>Stab for økonomi og virksomhetsstyring: Tar nødvendige filuttrekk og sendertil leverandør.</p> <p>Tjenesteleverandør: Kommer med forslag til møtedatoer og hva en skal gå gjennom på møtene. Oppdaterer regnskapsmodell og noterer eventuelle punkt som må følges opp. Utarbeider budsjettnotat som grunnlag for gebyrregulativ og budsjett.</p> <p>Fagstab: Kontaktpunkt mellom leverandør og kommunen og sørger for intern koordinering og planlegging av møtene i kommunen.</p> <p>Virksomheter (VA og PBG): Bidrar med informasjon knyttet til regnskapstallene, og endringer som må legges til grunn i kalkylene for kommende år. Avdelingsleder for ledningsdata og myndighetsutøvelse innhenter i forkant opplysninger fra ÅRIM IKS om forventede endringer i grunnlaget for avfall og slam.</p> <p>Utarbeider gebyrregulativ og budsjett på grunnlag av budsjettnotat fra leverandør.</p>	Behandles sammen med budsjett i oktober/november
Oktobe	Kontroll av fakturagrunnlag 4.termin	Virksomhet for VA: Utarbeider grunnlag for fakturering av kommunale gebyr for 4. termin. I tillegg til egenkontroll blir rapport sendt fagstab og stab for økonomi og virksomhetsstyring for ekstra sjekk om aktuelle gebyrinntekter er som forventet i budsjettet. Avtale med Leverandør om evt. hjelp ved behov.	Ingen
November	Godkjenning av budsjett mv.	<p>Stab for økonomi og virksomhetsstyring: Forslag til gebyrregulativ blir lagt frem for kommunestyret til godkjenning sammen med budsjettet.</p> <p>Omfatter også selvkostgrad (finansiell dekningsgrad) for tjenestene innenfor byggesak, plansaksbehandling, oppmåling og eiereksjonering</p>	Kommunestyret

I svaret til vår førespurnad vart det også lagt til at det på slutten av 2020 var gjort ei kartlegging av ressursbruk i dei ulike stabsområda med omsyn til henførbare indirekte kostnadar.

Vidare at det blir utarbeidd månadlege økonomirapportar som blir lagt frem for formannskapet. Rapportane går vidare til kommunestyret kvart tertial. I 2021 ble rapporteringa for 1. tertial endra til 1. kvartal. Rapporteringa startar på avdelingsleiarnivå.

Vi har gjort ein gjennomgang av denne rapporteringa til formannskapet:

- Sak 023/21 Budsjettkontroll for januar 2021, 02.03.2021
[Månadsrapport januar 2021 \(framsikt.net\)](#)
- Sak 044/21 Budsjettkontroll for februar 2021, 13.04.2021
[Månadsrapport februar 2021 \(framsikt.net\)](#)
- Sak 60/21 Budsjettkontroll for mars 2021 og budsjettrevisjon 1-2021, 11.05.2021
[Kvartalsrapport Ålesund kommune 31.03.21 \(framsikt.net\)](#)
- Sak 089/21 Budsjettkontroll for april 2021 og budsjettrevisjon 2-2021, 08.06.2021
[Forenkla månadsrapport april 2021 \(framsikt.net\)](#)

I desse sakene er det gjennomgåande blitt nytta *FramSikt* ved denne rapporteringa.

Vedkomande gebyra, så stod det litt om dei i rapporten for april. For *Vatn og avløp*:

Representantskapet i ÅRIM har vedtatt å auke satsane knytt til hushaldsavfall. Saman med volumauke medfører dette ein auke i kostnadane med ca. 1,8 millionar kroner. Kostnadsauken vert dekt gjennom årsgebyra eller ved bruk av avsatte fond.

Innanfor vatn og avløp vil kommunen i 2021 få inn mindre i årsgebyr enn rekna med. Årsaka ligg i at det i 2020 var mindre vassforbruk enn tidlegare og medførte at ein i årsoppgjeren for vassmålarane må føre tilbake til abonnementane det som har vore betalt for mykje, samtidig som akonto-summen for 2021 vert lågare. Innanfor avløp vert avviket også større på grunn av mindre gebyrinntekter enn budsjettet i 2020. Avvika i gebyrinntektene vert dekt gjennom bruk av fondsavsetningane.

For *Plan, byggesak og geodata*:

Verksemda rapporterer om at det etter ei samla vurdering ser ut til at drifta vil halde seg innanfor dei økonomiske rammene i budsjettet. Det er fleire avvik på einskildpostar, men vurderinga så langt er at dei ser ut til å gå omlag i balanse samla sett.

Om Compilo

Vår gjennomgang av Compilo, og då meir spesifikt ein gjennomgang av *Miljø, by- og stadutvikling*, viser at det per juni 2021 ligg nokre få dokument og to risikovurderingar under verksemda *vann og avløp*, men ingen av dokumenta har med sjølvkostområda å gjere.

Dokument som omhandlar lover og forskrifter, prosedyrar, rolleavklaringar eller risiko knytt til sjølvkostområda er per juni 2021 ikkje tatt inn i kommunen sitt digitale kvalitetssystem Compilo.

Seksjonsleiar for heilsakleg styring har orientert om at tilsette med ansvar innan vatn, avløp og renovasjon har gjennomført eit møte om Compilo for å avklare om systemet kan dekke einingane sine behov. Det ble konkludert positivt på dette og eit nytt møte om innføring er planlagt i løpet av uke 33. Det er opplyst at på dette møte skal også seksjonsleiar for heilsakleg styring delta, i tillegg til einingane.

2.3 VURDERINGAR

OVERORDNA INTERNKONTROLL

Ålesund kommune har lagt eit godt grunnlag for ein god internkontroll med dokumentet *Heilsakleg styring, leiing og internkontroll i Ålesund kommune*. Det er delvis bygd rundt anerkjente rammeverk som COSO og ISO 9001. Denne forankringa i slike anerkjende rammeverk vurderer vi som positivt.

Dokumentet tydeleggjer at ein god internkontroll: *er ein føresetnad for at Ålesund kommune kan ivareta rolla si som tenesteytar, samfunnsutviklar og som demokratisk arena*. Vidare at ein god internkontroll krev at den er formalisert og at det blir gjennomført kontrollaktivitetar.

Det blir også peikt på sentrale komponentar som *Oppdragsbrevet, Leiaravtalen, Verksemndplan og Rapportering*. For oppfølging av resultat administrativt skal kommunedirektøren utarbeide årlege oppdragsbrev og leiaravtaler til verksemndene. Slike verksemndplanar med oppdragsbrev og leiaravtale er utarbeidd.

Det digitale styringssystemet Framsikt som skal vere med å realisere det heilsaklege plan- og styringssystemet, er så langt vi kan sjå gjennomgåande blitt nytta. I årsmeldinga blir det vist at kommunen bruker sjekklistar i dette plan- og styringssystemet for å kontrollere i kva grad krav i internkontrollen blir etterlevd i organisasjonen. Det går fram at: *Det blir arbeidd godt med dei fleste punkta, men det er framleis rom for forbetring. Og at: Måten vi bruker desse sjekklistene på er under revisjon, og vil bli noko endra til andre tertialrapportering i 2021.*

Vår vurdering er at det overordna rammeverket for ein god intern kontroll er i ferd med å pusle seg plass og er slik det nå ligg føre konsistent og heiskapeleg.

INTERNKONTROLL INNAN SJØLVKOST

Ein sentral del av internkontrollen retta mot sjølvkostområdet, er tenesteavtalen med Envidan AS. Ein sentral del av tenesteleveransen er verktøyet *Momentum Selvkost Kommune* som gir god hjelp til utrekninga av gebyra.

Det er konkretisert ut og skrifteleg nedfelt ansvarshøve i høve til møte med dei eksterne konsulentane. Vidare er årshjulet er til ein viss grad bygd opp omkring desse møtepunkta, samt ei konkretisering av ein kontroll av fakturagrunnlag for kvar av dei fire terminane

I januar er det ein gjennomgang av grunnlag for etterkalkyle der leverandør kjem med forslag til dato og kva en skal gå gjennom på møta. I februar utarbeider leverandøren ei etterkalkyle og noter til rekneskapen.

I august blir det utarbeidd ei forkalkyle med eit budsjettnotat og forslag til gebyrregulativ. Også her er det leverandøren som kjem med forslag til dato og kva ein skal gå gjennom.

Ansvarshøva og årshjulet slik det er konkretisert ut, står fram for oss som ryddig og oversiktleg, men kommunen kan truleg med fordel arbeide vidare med å formalisere meir detaljert kva som skal skje i dei ulike fasane

Det digitale kvalitetssystemet Compilo er ikkje blitt teke i bruk innan sjølvkostområda. Det er blitt gjennomført eit møte i kommunen for å avklare om systemet kan dekke einingane sine behov. Det ble konkludert positivt på dette, og kommunen vil slik vi oppfattar det arbeide vidare med dette.

Vi har gjort ein gjennomgang av rapporteringa gjennom Framsikt til politiske organ i 2021. For vatn, avløp og renovasjon var det i rapportering for april kort nemnt litt om utviklinga innan gebyra, medan PB ikkje kommenterer gebyra spesifikt, men generelt gjennom at det: *ser ut til at drifta vil halde seg innanfor dei økonomiske rammene i budsjettet.*

Vår vurdering er at det har kome på plass ein god del positive element vedkommande internkontrollen retta mot sjølvkostområdet. Likevel vurderer vi den per i dag som ikkje fullt ut tilfredsstilande og kommunen bør etter vårt syn ta ei ekstra runde på dette.

3. SJØLVKOSTGEBYRA

Er sjølvkostgebyra i samsvar med regelverket?

- Gebyrgrunnlaget og gebyrinntekter
- Kryssubsidiering

3.1 REVISJONSKRITERIER

Sjølvkostføreskrifta §2 til § 7 med merknader gir reglar for utrekning av gebyrgrunnlaget.

Direkte driftskostnader er definert i § 4 1. ledd: *omfatter kostnader til arbeid, varer og tjenester som brukes for å produsere og yte selvkosttjenesten.*

Indirekte driftskostnader er definert i § 4 2. ledd: *omfatter kostnader til stabs- og støttetjenester, fellestjenester og kontrollfunksjoner som utfyller eller understøtter selvkosttjenesten. Andelen indirekte driftskostnader som tilordnes selvkost, skal gjenspeile selvkosttjenestens bruk av disse tjenestene og funksjonene.*

Kapitalkostnader er definert i § 5 1. ledd: *omfatter avskrivninger og nedskrivninger av varige driftsmidler, reversering av nedskrivninger og beregnede rentekostnader.*

Reglane for avskrivingane går fram av § 5 2. og 3. ledd, der det står:

Avskrivningene skal beregnes ut fra prisen på anskaffelsestidspunktet fratrukket byggelånsrenter og anleggsbidrag og andre inntekter som knytter seg til investeringsutgiftene.

Avskrivningene skal foretas planmessig over den utnyttbare levetiden til det varige driftsmidlet. Den utnyttbare levetiden kan settes lik avskrivningsperioden i virksomhetens årsregnskap. Tomter og andre varige driftsmidler som ikke avskrives i virksomhetens årsregnskap, kan avskrives over en kortere periode enn den egentlige utnyttbare levetiden.

Reglane for rentekostnadane går fram av § 5 4. ledd, der det står:

Rentekostnadene skal beregnes ut fra årets gjennomsnittlige restverdi på de varige driftsmidlene og kalkylerenten. Kalkylerenten er lik årets gjennomsnittlige 5-årige swaprente med et tillegg på ½ prosentpoeng.

Sjølvkostrekneskapen skal berre bli belasta med kostnader som er henførbare. I dette ligg det at ein ikkje har høve til sokalla kryssubsidiering. Det er ulike former for kryssubsidiering og den førre rettleiaren nemnte ein del døme. Når det gjeld Ålesund kommune er det organiseringa innan renovasjon, og tenesteutvekslinga mellom Tafjord Kraftvarme AS, Bingsa Gjenvinning AS og ÅRIM IKS ei særleg utfordring. I merknadane til § 3 vedkomande utrekningsgrunnlaget står det

Hvis kommunen har satt ut hele eller deler av tjenesten til et interkommunalt selskap, (...) eller til et kommunalt eid aksjeselskap, og dette er gjort ved utvidet egenregi (...), vil reglene om beregning av selvkost også gjelde for beregningen av hva som er selskapets selvkost, på samme måte som om kommunen selv hadde produsert tjenesten.

Og:

Hvis hele eller deler av selvkosttjenesten kjøpes i markedet, er det den prisen som kommunen betaler som er grunnlaget for beregning av selvkost, jf. § 3 andre ledd. Hvis for eksempel kommunen kjøper hele tjenesten av et selskap, er det således ikke krav om at selvkost skal beregnes særskilt ut fra selskapets faktiske kostnader. I slike tilfeller vil det være prisen som betales som skal inngå i selvkost

3.2 FAKTAGRUNNLAG

Det å rekne ut gebyra er ei omstendeleg oppgåve. Til hjelp har Ålesund kommune lik eins som mange andre kommunar knytt til seg konsulenthjelp gjennom konsulentselskapet Envidan AS. Dette selskapet har utvikla ein reknearkmodell som gir teknisk støtte for utrekningane, samt hjelp med god kompetanse om dei fleste aspekt ved sjølvkost

Vi ha gjort ein grundig gjennomgang av denne modellen datert 19. februar 2021. Det er den versjonen som ligg til grunn for årsrekneskapen for Ålesund kommune i 2021.

Denne reknearkmodellen er delt inn i to deler. Ein del som gjeld grunnlagsdata og ein del som gjeld rapporter. Rapportane er langt på veg autogenererte basert på det som blir lagt inn i grunnlagsdata.

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Fana for grunnlagsdata ser slik ut:

I vår gjennomgang av modellen har vi sett på dei direkte kostandane, dei indirekte kostnadane og kapitalkostnadane.

I modellen blir dei direkte kostnadane satt opp med bakgrunn i ein import frå rekneskapssystemet, som ligg i **2: Driftsregnskap 2020**. Under **3: Direkte regnskapsposter** blir det angitt ei kopling frå rekneskapssystemet og sjølvkostrekneskapen for kvart område.

Dei indirekte kostnadane følgjer av **4: Indirekte regnskapsposter** og **5: Fordelingsnøkler**

I modellen ligg det eit samla anleggsregister under **7: Anleggsregister**, som saman med informasjon frå **6: Kalkylrente og beregningsmetode kapitalkostnadene**, reknar ut dei ulike kapitalkostnadane for kvart område.

Fana for rapporter ser slik ut:

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

I eit seinare kapittel har vi så satt opp sjølvkostrekneskapen for områda: vann, avløp, renovasjon, plan og byggesak. Desse oppsetta ligg i modellen under rapportar.

DIREKTE KOSTNADER

Rekneskapsmodellen importerer tal frå regnskapssystemet etter ein slik mal:

Funksjon	Funksjon (T)	Ansvar	Ansvar (T)	Art	Art (T)	Regnskap
----------	--------------	--------	------------	-----	---------	----------

I alt utgjorde denne importen 22 405 linjer i 2020. Dei direkte kostnadane blir så vidare henta inn i kalkylane etter følgande plan:

Gebyrområde	Funksjon	Ansvar
Reguleringsplaner	301 PLANSAKSBEHANDLING	730010 Avdeling plan
Reguleringsplaner	301 PLANSAKSBEHANDLING	730011 Private reguleringsplanar
Myndighetsutøvelse miljø	302 BYGGEAKSBEHANDLING OG EIERSEKSJONERING	710060 Avdeling myndighetsutøving
Bygge- og delesaker	302 BYGGEAKSBEHANDLING OG EIERSEKSJONERING	730025 Avdeling byggesak
Eierseksjonering	302 BYGGEAKSBEHANDLING OG EIERSEKSJONERING	730041 Oppmåling og seksjonering
Oppmåling	303 KART OG OPPMÅLING	730041 Oppmåling og seksjonering
Feiring	338 FOREBYGGING AV BRANNER OG ANDRE ULYKKER	321000 Feiring
Vann	340 PRODUKSJON AV VANN	
Vann	345 DISTRIBUSJON AV VANN	
Avløp	350 AVLØPSRENSING	
Avløp	353 AVLØPSNETT OG INNSAMLING AV AVLØPSVANN	
Slamtømming	354 TØMMING AV SLAMAVSKILLERE- SEPTIKTANKER O	
Renovasjon	355 INNSAMLING- GJENVINNING OG SLUTTBEHANDLIN	

Kjelde: Ålesund kommune - Etterkalkyle 2020 (2021_02_19).xlsm

Det blir gjort ein reduksjon for gebyrområdet på *Reguleringsplaner* på 50 % for funksjon 301: *Plansaksbehandling* og ansvar 730010: *Avdeling plan*. Denne prosenten har samanheng med den delen av aktiviteten i avdelinga og funksjonen som gjeld private reguleringsplanar avgrensa til det ein kan dekkje med gebyr.

Vidare blir det manuelt lagt på 1,305 mill kr på gebyrområdet *Feiring* på artsgruppe 12 (Varer og tenester som inngår i eigen tenesteproduksjon).

INDIREKTE KOSTNADER

I tillegg til dei direkte kostnadane blir sjølvkostrekneskapen belasta med indirekte kostnader. Dette er kostnadar som blir rekneskapsført på andre tenesteområde som utfyllar og understøttar tenestene som er finansiert med sjølvkost.

Det blir gjerne nytta ulike fordelingsnøklar for å fordele desse kostnadane inn i sjølvkostrekneskapen. I tillegg blir det i nokre tilfelle gjort meir skjønsmessige vurderingar.

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

Samla for alle gebyrområda er det fordelt ut 18 757 368 kr frå kommunerekneskapen til sjølvkostrekneskapen. Desse fordelar seg slik:

Tabell 3-1: Fordeling av indirekte kostnadar

Fordelingsnøkkel	Ansvar (T)	Totalt fordelt
Journalposter	Avdeling dokumentsenter	3 434 734
Innbyggertorget - Nær miljø og service	Nær miljø og service	2 851 051
Ressursbruk Økonomi	Økonomi	3 037 713
Ressursbruk Virksomhetsstyring	Verksemdstyring	954 387
Ressursbruk Finans	Overordna leiing økonomi og verksemdstyring	174 616
Felles IKT- infrastruktur	Avdeling IKT-drift	1 440 199
Anslag tidsbruk innkjøp	Konserninnkjøp	2 275 990
Beslaglagt areal adm.bygg	Rådhusdrift (Funksjon 120)	2 505 288
Beslaglagt areal adm.bygg	Rådhusdrift (Funksjon 130)	127 441
Ansatt	Felles personalutgifter	277 681
Ansatt	Framtidssenter	246 604
Ansatt	Hovudtillitsvalde og verneombod	245 353
Ansatt	Arbeidsgivaravdelinga	223 022
Ansatt	Løn og personaladministrasjon	219 610
Ansatt	Overordna leiing strategi, samfunn- og næringsutvikling	157 530
Ansatt	Kommunikasjon og trykkeri	153 721
Ansatt	Kommuneadvokat	121 934
Ansatt	Overordna leiing strategi, samfunn- og næringsutvikling	121 470
Ansatt	Organisasjonsutvikling	84 158
Ansatt	Beredskap	57 143
Ansatt	Kantine Rådhus	47 723

Kjelde: Ålesund kommune - Etterkalkyle 2020 (2021_02_19).xlsx

Det er i alt 21 ulike kostnader som blir fordelt ut. Av desse er 12 basert på ein fordelingsnøkkel **Ansatt**. I modellen ligg det eit register over dei tilsette på kvart gebyrområde. I alt er det 5 541 *ansatte* for Ålesund kommune.

Vi har satt opp ein tabell som viser fordelinga basert på denne fordelingsnøkkelen. Til dømes har avløp registrert 40,91, som er 0,74 % av 5 541. Samla netto utgifter til felles personalutgifter for Ålesund kommune var 12 118 383 kr, slik at avløp blir belasta med 89 472 kr i sjølvkostrekneskapen for felles personalutgifter.

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

Tabell 3-2: Utdrag av fordelingar basert på tilsette

	Felles personalutgifter	Hovudtillitsvalde og verneombod	Framtidssenter	Kommune- advokat
		12 118 383	10 707 525	5 321 380
Vann	39,75	0,72 %	86 935	76 814
Avløp	40,91	0,74 %	89 472	79 055
Renovasjon	0,25	0,00 %	547	483
Slamtømming	0,05	0,00 %	109	97
Feiling	10,00	0,18 %	21 870	19 324
Myndighetsutøvelse miljø	1,04	0,02 %	2 275	2 010
Reguleringsplaner	11,00	0,20 %	24 057	21 257
Bygge- og delesaker	15,00	0,27 %	32 806	28 986
Oppmåling	7,23	0,13 %	15 812	13 971
Eierseksjonering	1,73	0,03 %	3 784	3 343
			277 666	245 340
				246 591
				121 928

Kjelde: Ålesund kommune - Etterkalkyle 2020 (2021_02_19).xlsm

Det ligg følgande kommentarar til desse fordelingane under indirekte kostnader:

Felles personalutgifter	Andre kostnader enn lønn, felles personalkostnader. Rev 21.1.2021
Framtidssenter	Rev 21.1.2021
Hovudtillitsvalde og verneombod	Ansattnøkkel rev 21.1.2021
Arbeidsgivaravdelinga	Anbefalt nøkkel er Ansatte. Denne avdelingen har mer jobb jo flere ansatte de håndterer. Rev 21.1.2021
Løn og personaladministrasjon	Anbefalt nøkkel er Ansatte. Denne avdelingen har mer jobb jo flere ansatte de håndterer. Rev 21.1.2021
Overordna leiing strategi, samfunn- og næringsutvikling	
Kommunikasjon og trykkeri	Se tidligere tilbakemeldinger fra Liv Grete. Nå er denne lagt sammen med kommunikasjon. Trenger tilbakemelding på antatt ressursbruk selvkområdene
Kommuneadvokat	Må ha tilbakemelding på ressursbruk. Større prosjekter faktureres særskilt etter timer, men grunnfinansieringen hentes inn her med fordelingsnøkkelen basert på antatt ressursbruk
Overordna leiing strategi, samfunn- og næringsutvikling	Kommunerevisjon og drift av kontrollutvalgssekretariatet. Rev 21.01.2021
Organisasjonsutvikling	LEAN og strukturelle forhold organisasjonsoppbygging. Rev 21.1.2021
Beredskap	Vurdert som relevansent for selvkområdene. Overordnet beredskap, noe knyttet til eksempelvis beredskap og ROS-analyser vann. Rev 21.1.2021
Kantine Rådhus	Anbefaler ansatte

Når det gjeld kommuneadvokat så er sjølvkostrekneskapen blitt belasta med direkte kostnadar i tillegg til dei indirekte kostnadane. Det er bokført eit eBilag med tittel: *Avtale Kommuneadvokaten-VAR*, datert 06.01.21 og med bokføringsdato 31.12.20. Billaget inneber ein kostnad på vatn og avløp (funksjon 353 og 340) med 692 632,25 kr kvar, med ein tilsvarende inntekt til kommuneadvokaten. Vi skal vidare gje at denne: *Avtale om kjøp av ekstra juridiske ressurser mellom*, datert 21. mars 2017:

VAR-virksomheten har kontinuerlig behov for juridisk bistand i ulike saker relatert fagområdet. Aktuelle saker er blant annet inngåelse og tolkning av avtaler, krav om

erstatning, pålegg mm. innenfor selvkostområdene vann, avløp, slam, avfall og myndighetsutøvelse, samt innenfor næringsdrift avfall.

Særlig arbeidet med beskyttelse av drikkevannskilden med tilhørende oppfølging av skjønn og lovverk, krever juridiske ressurser.

For å sikre tilstrekkelige juridiske ressurser for å ut føre tjenestene i VAR på en juridisk forsvarlig måte, er det nødvendig å knytte til seg ekstra ressurser fra kommuneadvokaten, ut over den bistand som ligger i den generelle støtten som gis til alle virksomheter.

Det avtales derfor at:

- *Kommuneadvokaten avsetter fra 1. januar 2017 juridiske ressurser tilsvarende 100 % stilling pr. år i for å bi stå VAR- virksomhet en med juridiske vurderinger.*
- *VAR dekker alle lønnskostnader inklusive feriepenger etc. for en 100 % stilling som advokat, tilsvarende kr. 845 000 per april 2017*
- *Kommuneadvokaten føre liste for sitt arbeid for VAR-virksomheten, slik at kostnaden kan belastes på riktig ansvar iht selvkostregelverket og forurensningsloven. Slike timelister oversendes VAR i forbindelse med tertialrapportering.*

2 av fordelingane er basert på fordelingsnøkkelen **Beslaglagt areal adm.bygg**, der det er gitt desse kommentarane:

Baser på beregnet pris per ansatt

Og:

m2 pris på kr 2 200. Se oversikt areal med anslag på 25m2 per ansatt

Under **Journalposter** står det:

Ressursbruk fordelt etter journalposter. Fordeler kostnader Dokusenter til Byggesak, resten av kostnadene elimineres. Rev 21.1.2021

Der er også ein slik kommentar under fordelingsnøkkelen:

Totalt 80992 journalposter som er registrert i WebSak i år, trukket fra Brann og Havn. VA har 5060 journalposter og PBG (minus Landbruk) har 15484 journalposter.

Utgangspunktet her er samla netto utgifter til dokumentssenteret på 19 693 528 kr. Det blir så manuelt tatt ut 5 000 000 kr, slik at utgangspunktet forut for fordeling, er samla netto

driftsutgifter på 14 693 528 kr. Det blir så tatt utgangspunkt i ein nemnar på 119 496 journalposter, medan tellar er fordelt slik:

Vann	Avløp	Regulerings-planer	Bygge- og delesaker	Oppmåling	Eierseksjonering
3 767,50	3 767,50	500,00	16 500,00	2 609,18	789,00

Det gir ei slik fordeling på dei ulike områda:

Vann	Avløp	Regulerings-planer	Bygge- og delesaker	Oppmåling	Eierseksjonering
3,15 %	3,15 %	0,42 %	13,81 %	2,18 %	0,66 %
463 261	463 261	61 481	2 028 881	320 831	97 017

Når det gjeld fordelinga til sjølvkost frå økonomi, IKT og innkjøp, så skal vi gje att dei kommentarane som ligg i modellen under indirekte kostnader.

Under **Ressursbruk Økonomi** står det:

En vesentlig del av arbeidet er knyttet til fakturering og innfordring av kommunale avgifter, men også ordinær regnskapsføring og rådgivning. 4 stillinger og 3 årsverk som jobber med fakturering. Halvparten av tida går med til arbeid rundt kommunale avgifter. 5 stillinger og 5 årsverk som jobber med innfordring. Halvparten av sakene er eiendomsavgiftene. 5 stillinger og 5 årsverk som jobber med inngående faktura og regnskapsarbeid. Fordelt iht. bilagsmengde og rådgivning. Rev 21.1.2021

Under **Ressursbruk Virksomhetsstyring** står det:

Budsjettering, prognoser. Rådgivning, kontroll, rapportering. Martine er lønnet her og jobber meste parten av sin tid med selvkostområdene. Totalt 1 årsverk belastes de ti selvkostområdene likt fordelt. Rev 21.01.2021

Under **Ressursbruk Finans** står det:

Finansforvaltning: Her ligger arbeidsoppgavene knyttet til finansforvaltning. Vann og avløp står for om lag 1/4 av kommunens låneopptak. Det er oppfølging av låneporteføljen som beslaglegger mest tid for finansansvarlig, om lag 75 %. Halvt årsverk lønn og sosiale kostnader. Gjeldsforvaltning VA (25 % av porteføljen)

Der er også ein slik kommentar under fordelingsnøkkelen;

0,75 av 2,6 årsverk går til finansforvaltning låneportefølje. 25 % av denne andelen fordeles 50/50 VA

Under **Felles IKT- infrastruktur** står det:

Har tilbakemeldinger på enhetspriser per selskap som kan legges til grunn for utarbeiding av fordelingsnøkkelen. Antall PC er utdatert. Felles IT- system og infrastruktur bør finansieres her som en indirekte kostnad. Anbefaler nøkkel ansatte som mål på ressursbruk. Pris per ansatt er kr 9 840. Rev 21.1.2021.

Der er også ein slik kommentar under fordelingsnøkkelen:

Anslag fra IKT, kr 10 000 per årsverk

Under **Anslag tidsbruk innkjøp** står det:

